

Mímir Kristjánsson (nyhetssjef) | Emilie Ekeberg  
Pål Hellesnes | Anne Kari Hinna | Stian Nicolajsen  
okonomi@klassekampen.no

# ØKONOMI & arbeidsliv

## UTVALG OM FORSKNING I SSB

### Vil kaste Keynes ut av Statistisk sentralbyrå

Finansavisen kunne i går melde at et internt utvalg i Statistisk sentralbyrå (SSB) ønsker å gjøre store endringer i måten byrået organiserer forskningen sin på.

To av utvalgsmedlemmene, professor Kjetil Storesletten ved Universitetet i Oslo og professor Hilde Bjørnland ved Handelshøgskolen BI, mener at SSB bør vrake de tradisjonelle etterspørselsbaserte prognosemodellene sine til fordel for såkalt dynamiske stokastiske generelle likevektsmodeller (DSGE).

– Det er bra med likevektsmodeller, men slike modeller er i sin natur virkelighetsfjerne, og siden økonomien aldri er i likevekt, trenger vi modeller som fanger opp mer erfaringsbasert kunnskap om økonomiske sammenhenger, sier Knut Røed, seniorforsker ved Frischsenteret.

– Jeg har tro på å opprettholde et miljø som arbeider med de tradisjonelle modellene i SSB. Slike mer keynesianske modeller er de mest nyttige med hensyn til politikutforming på kort sikt.

Storesletten og Bjørnland skriver at slike modeller er utdatert, at de ble gitt opp av forskningen på 1970-tallet og at de mangler mikroøkonomisk fundament ved å ikke



KRITISK: Knut Røed.

inneholde optimaliserende husholdninger og bedrifter.

– Det er ikke nødvendigvis enten eller, og det er nyttig med de ny modellene med mer teoretisk fundament. Likevel er det viktig å bevare de etterspørselsbaserte modellene som baserer seg mer på hva vi har observert tidligere enn på teori, sier Røed.

Statistisk sentralbyrå har to store makromodeller for å lage prognoser for framtida og ulike scenarier. Modag er allerede vedtatt lagt ned, mens Kvartars fortsatt eksisterer.

Klassekampen fikk ikke tak i Storesletten eller Bjørnland i går.


Stian Nicolajsen

## DAGENS GRAF

### Vekstanslag

Vekst og vekstprognoser for verdensøkonomien fra Verdensbanken. Årlig prosentvis realvekst i bruttonasjonalprodukt.

Kilde: Verdensbanken, Global Economic Prospects



# Radikale økonomar gler seg ov Jublar ov

**NY VERD:** – Sjølv om Donald Trump er ein tvers gjennom usympatisk person, driv han med noko som kan bli sunn nyttenking, meiner Erik S. Reinert som har samla uortodokse økonomitankar.

## FRIHANDEL

Av Maria Lavik (tekst) og Christopher Olsson (foto)

I går vart populisten Donald Trump innsett som amerikansk president. Det skjedde tre dagar etter den britiske statsministeren Theresa May hadde gått på talarstolen i Davos og annonsert at Storbritannia vil gå for eit fullt brot med EU. I to av verdas rikaste land har kritikken mot globalisering og frihandel fått klare politiske konsekvensar.

Ein som kunne ha gledd seg, er den bokaktuelle økonomen Erik S. Reinert som lenge har åtvart mot blind misjonering for frihandel. Han vel likevel å heller vera forsiktig optimist.

– Eg jubla overhøvd ikkje over Trump, men eg er glad for at me er i ein fase der frihandelen blir angripte både frå venstre- og høgresida, både frå Bernie Sanders og frå Donald Trump.

Den anerkjende økonomen er professor ved Universitetet i Tallinn og grunnleggjar av det alternative økonominettverket «The Other Canon». Han skriv også regelmessig for Klassekampen.

### Tek etter engelskmennene

– Sjølv om Trump er ein tvers gjennom usympatisk person, driv han også med noko som kan bli sunn nyttenking. Han ser at løningane er mykje lågare i Kina samstundes som at landet går gjennom teknologisk vekst. Trump vil gjera mykje av det engelskmennene gjorde på byrjinga av 1900-talet: setta opp handelsmurar for å bevare eigen industri. Men det må gjerast med fornuft, og det er ikkje sikkert at Trump er den rette til det, seier Reinert.

### FAKTA

#### Alternative teorier:

- Økonomane Jayati Ghosh, Erik S. Reinert og Rainer Kattel står bak boka «The Handbook of Alternative Theories of Economic Development».
- Boka med 50 forfattarar utforskar alternative teoriar om økonomi og utvikling.
- Erik Reinert er professor i teknologi og utviklingsstrategi ved Universitetet i Tallinn, seniorrådgiver i tankesmia Res Publica og grunnleggjar av det alternative økonominettverket The Other Canon. Han skriv regelmessig i Klassekampen.
- Lanseringa av boka i går i Oslo markerte starten på ein todagars konferanse om økonomifaget i regi av Rethinking Economics Norge.

Utviklingsøkonomen Jayati Ghosh har i fleire artiklar i The Guardian åtvart mot globalisering sine konsekvensar for heimlandet hennar, India. Ho ser klare parallellar mellom USA og India som er styrt av den omstridde hindu-nasjonalisten Narendra Modi.

– Mange amerikanarar vart overraska då Trump vart vald. Me i India hadde vår Trumpaugneblink alt for over to år sidan då Modi vart vald ved å fri til arbeidarklassen med løfte om arbeidsplassar og kamp mot korrupsjon. Sjølv var han støtta av kapitalkreftene. Resultatet har ikkje vore bra. Korrupsjonen held fram, det er ikkje skapa nye jobbar, og Modi går inn for å knebla sivilsamfunnet, seier Ghosh og legg til:

– India er beviset på at slike ting kan skje i eit stort demokrati. Eg trur USA kan bevaga seg i same retning.

### – Eurosentrisk fag

Denne helga lanserer Ghosh og Reinert saman med Rainer Kattel «The Handbook of Alternative Theories of Economic Development». Boka på over 800 sider samlar bidrag frå 50 forfattarar som vil visa korleis utviklingsøkonomi fungerer utanfor Vesten.

– Økonomifaget har lenge vore eurosentrisk. Me vil henta fram tenkarar frå fleire delar av verda, seier Ghosh.

Ho trekk fram den indiske tenkaren Kautilya som skreiv verket «Arthashastra» for rundt 2000 år sidan.

– Han utvikla tankar rundt statsbygging, skattlegging og klassifisering av ulike typar økonomisk aktivitet. Han er på mange måtar Indias Machiavelli, men han har gått i gløymeboka.



Det er nyklassisk økonomisk teori som er skyteskiva for boka. Desse teoriane baserer seg på antakingar om at menneske oppfører seg som rasjonelle aktørar og at handel i utgangspunktet er bra for alle, alltid.

– Nyklassiske teoriar er irrelevant fordi dei ikkje fungerer i røynda, seier Reinert.

Han viser til eiga erfaring då han på 1990-talet leia ei bedrift som laga fargekart for maling- og lakkindustri.

– Me laga fargepalettar med dei over ein million fargane som auga kan oppfatta. Så gjekk eg tilbake til mi opphavlege doktorgrad i økonomi, til eit fag der dei ser berre ein farge og ein modell. Til eit